

Frå: Ole Martin Bolset
Send: fredag 15. september 2023 12:48
Til: Iselin Heggheim
Kopi: Merethe Tvedt
Emne: SV: Spørsmål og veg - Fosse

Hei!

I dette tilfellet verkar det som at det er snakk om eit mindre areal av LNF som vert omregulert grunna plassering av veg. Eg kan sjå for meg at vi ligg på eit areal som er under 0,5 daa.

Ut frå den informasjonen de kjem med i denne e-posten ser eg det ikkje som nødvendig å ta dette opp politisk.

Eg vil karakterisere dette som ei lita justering av arealformålet, og dette burde etter mi vurdering ikkje vere eit problem.

Ole Martin Bolset | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 453 77 397

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Frå: Iselin Heggheim <iselin@villplan.no>


Send: onsdag 13. september 2023 09:37

Til: Ole Martin Bolset <ole.martin.bolset@alver.kommune.no>; Merethe Tvedt <merethe.tvedt@alver.kommune.no>

Emne: Spørsmål og veg - Fosse

Hei

Vi ser for oss å kunne levere planinitiativ for Fosse innan kort tid no, men skulle gjerne fått avklart ein liten ting først. I dag har tiltakshavar fått godkjend ein midlertidig landbruksveg for å kunne ta ut tømmer. Denne følgjer traseen til den gamle vegen (stipla linje i kartet). Vi ser at det vil vere ein fordel for plangrepet å også bruke delar av denne traseen til framtidig tilkomstveg for bustadane. Dette vil kunne gi mindre inngrep i terrenget og kortare veglengde totalt. Problemet er at ein liten del av dette vil ligge innanfor område avsett til LNF i KPA (sjå markering under). Spørsmålet er korleis kommunen stiller seg til dette, og om det blir sannsynleg at vi må ta dette opp til politisk dersom vi velger å gå litt innanfor LNF med framtidig vegtrasé.



Vennlig hilsen

Iselin Heggheim
Arealplanlegger
Vill Plan AS

+47 480 32 464
iselin@villplan.no
www.villplan.no

